

---

**Fra:** Jon Askeland  
**Sendt:** 23. oktober 2015 15:42  
**Til:** Rune Bø  
**Kopi:** ru-boe2@online.no; Postmottak Radøy  
**Emne:** SV: Bekymringsmelding Hordabøheimen

**Kategorier:** ARKIVERT I FOKUS

Hei, Rune!

Eg er kjend med det du skriv, og eg gav kommunestyret orientering så langt eg visste pr i går.

Kommunen er ikkje part i etableringa, den går via UDI og Norsk Folkehjelp. UDI opplyser om at landet er i ein prekær situasjon og dei etablerer mottak der dei finn bygningar. Kommunen har ikkje vedtaksrett i etablering, og om kommunen vil motsetja seg det, så vert det i praksis ikkje tatt til følgje,- dette har eg spurt om. Grunngjevinga er prekær mangel på plassar og det store behovet for å gje husly og vern til alle som no kjem inn i landet kvar dag.

Mottak er i motsetnad til busetnad tidsavgrensa.

Seinast i går fekk kommunane brev om å støvsuga marknaden for bygningsmasse.

Eg tenkjer at me alle forstår situasjonen om flyktningkrisa, men at me er spørjande og evt. urolege for kva det inneber dersom det kjem i nabolaget vårt. Difor er det viktig at det snarast vert halde informasjonsmøte om fakta rundt denne humanitære krisa og konsekvensane ved eit mottak.

Eg rår til at me alle er realistar i situasjonen, og at me får faktainformasjon. UDI opplyser at det er heilt normalt at folk er kritiske i starten, men at når mottaka kjem i drift så går det bra. Me har bede om folkemøte, politisk og administrativ orientering, og fått stadfesta at det får me.

Det er så langt eg veit pr no.

Med helsing  
Jon Askeland  
Ordførar  
Radøy kommune  
Tlf 47 45 97 20  
Tlf 56 34 90 10  
[WWW.radoy.kommune.no](http://WWW.radoy.kommune.no)



---

**Fra:** Rune Bø [<mailto:runebo@statoil.com>]  
**Sendt:** 23. oktober 2015 15:05  
**Til:** Jon Askeland  
**Kopi:** [ru-boe2@online.no](mailto:ru-boe2@online.no)  
**Emne:** Bekymringsmelding Hordabøheimen

Hei !

Ser med stor uro det som står skrevet i NH avis ang asylmottak på hordabøheimen.Etter møte som me hadde med dere ang salget av hordabøheimen vart det poengtert fra dere at dei som kjøpte bygget ikkje fekk spekulera i å benytta det som asylmottak.No ser me at akkurat det har skjedd,radøy bemanning har tatt direkte kontakt med UDI og tilbuddt dei å leiga huset.Dette er stikk i strid med det dere politekere gav oss lovnader om.

Bygda vår er ikkje stor nok til å ta i mot så mange.I tillegg er ikkje tilkomstvei /parkering/branntiltak godkjent på hordabøheimen,dei har fått gjort som dei vill.

Det blir no full mobilisering i bygda vår mot asylmottak på HORDABØHEIMEN.

Mvh  
Rune

---

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorised use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you